

Nr. 1

JANUAR 1989

22. ÅRG.

# Ytre Arna slår ring om asylsøkere

I Ytre Arna har to chilenske asylsøkjarar fått beskjed om at de må reise fra Norge. Folk i Ytre Arna menighet og i pinsemenigheten Betania har slått ring om dem. De har sendt brev til Justisdepartementet med bønn om at de to må få bli i Norge.



Se midten

**Skytebas  
vart  
kyrkjetenar**

Sjå side 3

**Stor  
giver glede**

Se side 4

**Vidar Theisen vel favorittsong**

## Følg spillereglene

Vi gjør så godt vi kan – som oftest iallefall. Vel, av og til kunne vi kanskje vært bedre mennesker og gjort en større innsats for våre medmennesker. Men så har vi da også tider da vi virkelig får imponere oss selv med godhet og oppofrelse overfor andre. Så alt i alt klarer vi oss ganske bra...

Det kan vel hende vi faller i slike selvrundnede tanker, dveler ved oss selv og gjør opp status omtrent som en bankutskrift ved månedens slutt. Og som oftest sørger vi for at kontoen gjøres opp med iallefall noe på pluss-siden.

På fotballbanen er det en dommer som forteller hva resultatet blir, som godkjenner eller forkaster mål som blir laget. Av og til suser ballen inn i nettmaskene, publikum eksploderer i glede og armene strekkes i været. Men så annullerer dommeren målet, og gledesutbrudd blir forandret til sinte brøl: «Ut med dommeren!»


Det patriotiske publikum vil ikke innse at spillereglene er brutt, men når kampen er over, er det likevel dommerens avgjørelse som fastsetter resultatet – ikke tribuneslitternes ulike meninger.

I livets kamp er det også avgjørende at vi følger spillereglene. Gud er vår skaper, og Han har satt opp spillereglene eller livsregler. Gud er også den som dømmer livskampen vår som vi deltar i – enten vi vil eller ei. Og selv om vi protesterer mot Gud og ønsker å avsette ham for å leve etter våre egne regler, kommer vi ikke utenom hans regler. Ja, endog om vi får vår livskonto til å se positiv ut, står vi skyldige overfor Gud og trenger hans tilgivelse.

Jesus ønsker å være sentrum i livet vårt. Han sa en gang at «den som kommer til meg vil jeg ikke støte bort.» Vi stritter ofte imot for å gå våre egne veier, og vi må vel innrømme at vi slett ikke alltid lykkes så godt.

La oss da i stedet prøve Guds livsregler: De er faktisk ikke så innviklet og kjedelige som vi tror. De innebærer at vi bringer fram for Jesus våre feiltrinn og nederlag, våre gleder og hurrarop – og Jesus Kristus vil lede oss videre i livet.

Ingvar Frøyland



Dynamitt bytta ut med klokkeklang og vaskekost:

## Skytebas vart kyrkjjetenar

Svein Mjelde (50) har i nærare 20 år vore skytebas, og har arbeidd på ei rad bygg og anlegg i og kring Bergen. Kor mange salvar med dynamitt han har fyra av i løpet av desse åra har han ikkje tal på. Men få er det ikkje.

Frå 1. desember 1988 vart hans daglege arbeid heilt annsleis. Dynamitten vart lagt på hylla for godt. I staden tok han fram kost og vaskebøtte. Skytebasen hadde teke til som kyrkjjetenar i Arna kyrkje.


Han var då vel kjent med kyrkjeleg arbeid. I 10-12 år hadde han vore søndagsskolelærer på Lone. I mange av desse åra hadde han og vore styremedlem og formann i Arna søndagsskulelag.

Svein Mjelde har i mange år vore korsongar i Betania musikkor på Lone. Han er også medlem i Arna sokneråd. Han likar godt å vera med på dugnadsarbeid når det byd seg ein sjanse til det og når tida strekk til. Han var ein av dei ivrigaste dugnadsfolka då bedehuset Betania på Lone vart bygd om for nokre år sidan.

Ein kjær hobby som Svein driv med er brodering. Han kan sitja time etter time med handarbeidet sitt. Folk som ser dette synes gjerne det er utruleg at han får dei store skytebasnevane sine til å brodera fine mønster med tynn tråd. Ei rad med basarar har gjennom åra nytt godt av broderinga til Svein.

Svein Mjelde er opprinneleg frå Osterøy, frå garden Mæle. Familien hans flytta seinare til Lone, der han sidan har bodd. At Svein har mange vener i Arna er heilt klart. Da han i haust fylte 50 år var det ikkje mindre enn 120 personar som vitja han på dagen.

Den første månaden som kyrkjjetenar, julemånaden, var ein travel tid. Ikkje minst hadde han mykje å gjera julaften. Han starta då arbeidet klokka 14.00, og var ferdig



Svein Mjelde er blitt kyrkjjetenar i Arna etter 20 år som skytebas.

klokka 19.30, og så var det til att klokka 10 neste dag for å gjera alt klart til høgtidsgudsteneste 1. juledag.

# Stor giverglede

Givergleden i menighetene i Arna prestegjeld er imponerende, sier sokneprest Øyvind Øy i en kommentar til statistikken for 1988 for Arna og Ytre Arna menigheter.

I Ytre Arna kom det inn 72.684 kroner i offer og kollekt under gudstjenestene. I 1987 kom det inn 49.078 kroner.

I Arna menighet ble det tilsammen gitt 369.904 kroner i offer og kollekt ved gudstjenestene i 1988. I 1987 var tallet 196.231 kroner. Inkludert i fjorårstallet er også 123.168 kroner som kom inn under fellesaksjonen i høst. Men på den annen side har det kommet inn gaver utenom det som er gitt under gudstjenestene, og disse er ikke tatt med i statistikken. Det gjelder først og fremst gaver til Kyrkjelydshuset, men også til andre formål.

Disse økte gavene til menigheten er kommet inn i en tid som ofte blir omtalt som en økonomisk nedgangstid. Det betyr at menighetene har mange aktive medlemmer som vil yte til ulike kirkelige formål uavhengig av de skiftene konjunkturer.

Det går flere folk til kirke hver søndag enn folk flest er klar over, sier Øy. Situasjonen for kirkesøkningen er helt annerledes enn slik den ofte blir framstilt. Statistikken viser at det i gjennomsnitt var 185 deltakere på hver gudstjeneste i Arna i fjor og 64 i Ytre Arna. Tallet på konfirmanter er går litt ned begge steder, men det har sammenheng med variasjonene i årskullene, sier sokneprest Øyvind Øy.

# Klubben med gåve til barnekantoriet



Medlemmene av Klubben og barnekantoriet i koret i Arna kyrkje da kjempesjekken på 884 kroner vart overrett.

Klubben for dei psykisk utviklingshemma i Arna har samla inn pengar som skulle gå til Arna barnekantori. Dei fekk samla inn heile 884 kroner, som vart overrett på ein kjempestor sjekk på korøvinga til barnekantoriet onsdag 11. januar. Frå barne-

kantoriet si side vart det uttrykt stor takksemd for den gåva.

Etter overrekkinga hadde koret ein mini-konsert for Klubben sine medlemmar og dei andre framførte gjestene.

## KYRKJELYDSTATISTIKK

I kvar kyrkjelyd vert det ført statistikk over ei rekkje ting. Av statistikken for 1988 tek vi med:

(Tala for 1987 står i parantes)

	ARNA:		YTRE ARNA:	
Talet på gudstenester	85	(84)	58	(57)
Frammøtte ved alle gudstenester	24.192	(17.556)	4.313	(4.264)
Gjennomsnittleg gudstenedeltaking, søn- og helgedagar	185	(171)	64	(62)
Døypte	103	(107)	30	(31)
Konfirmerte	140	(147)	41	(57)
Vigde i kyrkja	31	(32)	4	(5)
Gravferd	58	(62)	24	(17)
Utmelde or kyrkja	12	(6)	3	(5)
Innkome ved offer/kollekt	369.904	(196.231)	72.684	(49.078)

Av dei som har meldt seg ut av kyrkja i Arna har 2 meldt seg inn i eit anna kyrkjesamfunn.

I Trengereid kapell kom det inn kr. 11.664 (11.512) og i Takvam kapell kr. 4.800.

I Trengereid kapell har det vore 17 gudstenester, i Takvam 4 og på Haukeland/Unneland 2 gudstenester.

I Arna kyrkje var det i haust ein fellesaksjon der det kom inn kr. 123.168. Dette beløpet er inkludert i offer/kollekt for Arna.

### ARNA PRESTEGJELD

Kyrkjekontoret Indre Arna, Borgstova: Tlf. 24 04 00 og 24 02 15.

Kontortid: Tysdag, onsdag og fredag kl. 10.00-11.30.

Torsdag kl. 17.30-19.00.


Kyrkjekontoret i Ytre Arna, Kyrkjelydshuset, P. Jepsensv. 39: Tlf. 24 85 46.

Kontortid: Tysdag kl. 17.00-18.00.

Onsdag og fredag kl. 10.00-11.30.

Kyrkjegardane i Arna: Tlf. 24 05 69. Kontortid: Månd.-fred. kl. 10.00-11.00.

Kjentfolk vel song:



**Vidar Theisen:**

## Med Jesus fram i de bästa åren

Meteorolog Vidar Theisen syng helst denne songen på svensk. Den nynorske omsetjinga er for tam i forhold til originalen, meiner han.

Theisen tykkjer mange av strofene handlar om ting han sjølv har opplevd. Særleg kjenner han seg att i strofa:

*«Med Jesus fram genom arbetsmödan  
de många dagarna utan lön,  
den tid du bidar den sena grödan,  
de väntans år utan svar på bön.  
I stilla lydnad och tro som hans,  
fast vinst ej vinkar i segerkrans!»*

Den svenske ungdomssalmen vart skrive påska 1909 av biskop Johan Alfred Eklund. Kvar strofe byrjar med orda «Med Jesus fram». I fleire av strofene vert også orda «med Jesus» tekne oppatt. Dette vert

## Min kirkebok til 4-åringar i Arna menighet

Den 22. januar vil det være familiegudstjeneste med utdeling av Barnas Kirkebok i Arna kirke.

Her vil 4-åringene få hver sin bok som heter Barnas Kirkebok. Det er Institutt for Kristen Oppseding som gir ut boka, og den er selvsagt å få både på bokmål og nynorsk.

Barnas Kirkebok er ment som en liten handsrekning til den kristne oppdragelsen i hjemmet. Den inneholder fortellinger, enkle sanger og bønner. Og passer til barn i 4-6 års alderen. Sangene kan om man ønsker det fåes kjøpt på egen kassett.

Bak i boken finner man også en liste over bøker og kassetter med enkle barnesanger.

Mange har vel kanskje allerede fått et brev med en invitasjon til gudstjenesten. Dessverre gjelder ikke det alle fordi vi ikke har adressen til de 4-åringene som har flyttet til Arna først etter at de ble døpt.

Men uansett om dere har fått et brev eller ikke er dere selvfølgelig hjertelig velkommen til å få Barnas Kirkebok i Arna kirke søndag 22. jan. **Merk.** Etter gudstjenesten blir det en kort samling med kaffe og saft. Og her er selvfølgelig dagens æresgjester med sin familie spesielt velkommen.

Erik Rodal

sett på som eit utslag av den sterke Kristus-sentreringen både i denne salmen og i heile den nye salmestilen som vaks fram på den tida «Med Jesus fram» vart til. Eklund var ein stor forkynnar og ein av dei fremste leiarane i vekkinga mellom studentane i Uppsala. I 1909 munna denne vekkinga ut i «student-krosstoget». Studentane reiste ut over landet, to og to, for å nå menneske av alle klassar og samfunnslag med evangeliet. Og vekkinga spreidde seg.

Songen står i mange norske salme- og songbøker, somme stader på svensk, andre stader omsett til nynorsk.


KPK-illustrasjon: Kathrine Rønningen

# Bibeldagen

Bibeldagen 22. januar 1989.  
Program i Arna:

Arna kyrkje:  
Familiegudsteneste kl.  
11.00 v/sokneprest Øy.  
Fellesmøte kl. 19.00.

Arna misjonsmenighet, Den frie evangeliske forsamling, Pinsemenigheten Salem og Arna kyrkjelyd går saman om dette arrangementet. Sist haust hadde vi også, som dei fleste veit, ein stor fellesaksjon, som var med å utdype dette samarbeidet. Talar denne gongen vert forstandar



Sokneprest Audun Aase talar på bibeldagen i Ytre Arna.

Kjell Arve Tolaas i Den frie evangeliske forsamling. Han var med i arrangementskomiteen for felles-

aksjonen i haust, og vi gler oss til å høyra han. Det vert og song og musikk på møtet. Offeret denne dagen går til Bibelmisjonen.

Vel møtt til fellesmøte søndag kl. 19.00 i Arna kyrkje.

**Ytre Arna kyrkje:**  
Familiegudsteneste kl. 11 v/res.kap. Sundsbø. Ytre Arna barne- og ungdomskor vert med.  
Fellesmøte kl. 19.00 i kyrkja. Pinsemenigheten Betanija, Indremisjonen og soknerådet går saman om dette møtet. Talar vert sokneprest i Samnanger, Audun Aase.



Forstandar  
Kjell Arve  
Tolås på  
bibeldagen  
i Indre Arna.



## KIRKENS SOS

Senter for samtale og sjelesorg over telefon, søker kristne frivillige medarbeidere over 22 år. Søkere må være lojale mot

Den Norske Kirkes bekjennelse.

Interesserte er velkomne til å henvende seg over telefon 23 45 12 eller 23 30 80 mellom kl. 11.00-14.00 for nærmere opplysning.

Ta kontakt med oss snarest.

# Ytre Arna slår ring om asylsøkere

To asylsøkere, vi kaller dem Ernesto og Maria fordi de ikke vil stå fram med sine egentlige navn av frykt for at det kan skade dem, har fått beskjed om at de skal utvises fra Norge. De to skal sendes tilbake til deres hjemland Chile, til tross for de harde påkjenningene Ernesto har vært utsatt for i Chile. Ernesto har bodd i Ytre Arna i et år og hans kone kom etter for et halvt år siden. Han frykter nå for liv og helse hvis han blir sendt tilbake til Chile.

Folk i Ytre Arna har slått ring om de to asylsøkerne som dagen før nyttårsaften fikk den lite hyggelige nyttårgaven fra norske innvandringsmyndigheter, nemlig brev om utvisning. Ytre Arna sokneråd har sammen med endel andre i menigheten skrevet brev til Justisdepartementet i Oslo med bønn om at de to chilenerne får bli i Norge. Pinsemenigheten Betania har også engasjert seg sterkt i saken. Da det like etter nyttår ble arrangert julefester i de kristne forsam-

## Asylsøkjarar på gjesting



Frå selskap hjå Siri og Arve Brunvoll.

Alle asylsøkjarar i Ytre Arna fekk tilbod om å koma rundt i norske heimar i jula. Det har vore til stor glede for dei som var framande i landet og for dei som fekk ha dei i heimen sin. I ein heim hadde det vore tolv som kom. Vi spurde om språkvanskane var store, men det hadde ikkje vore noko stort problem. Nokre av dei kunne ein del norske ord.

Dei lever i uvisse om si framtid. Vi kan vera med å gi litt av den tryggleik vi har i eit fritt land.



Frå v.: Sigfrid Olsen, «Maria», «Ernesto» og Nils Kåre Olsen.

lingshusene i Ytre Arna, ble det sendt rundt underskriftsliste der deltakerne på julefestene kunne støtte oppfordringen til norske myndigheter om å la de to få bli i Norge.

I brevet fra myndighetene stod det at Ernesto og Maria måtte være ute av landet innen 14. januar. Nils Kåre Olsen, som er formann i Ytre Arna sokneråd sier til Kyrkjelydsbladet at denne fristen senere er blitt forlenget, uten at det er satt noen ny dato. – Det betyr at vi har fått et litt større håp om at de to kan få bli i Norge, selv om situasjonen ennå er uvis, sier Nils Kåre Olsen.

I brevet som Ytre Arna sokneråd og andre i menigheten har sendt departementet står det: – Etter at kyrkjelyden i Ytre Arna våren 1988 tok initiativet til kontakt med dei utanlandske asylsøkjarane som bur i Ytre Arna, har vi lært Ernesto og Maria å kjenne som truverdige og sympatiske personar som har vore aktive i det lokale miljøet. Det er med stor sorg vi no er vorte

kjende med at Ernesto har fått avslag på sin søknad om asyl i Noreg, og vi finn det urimeleg og opprørande på bakgrunn av opplysningane som ligg føre om hans situasjon i heimlandet. Det har vore liten tvil om at det vil vera stor fare for liv og helse for Ernesto dersom han lyt vende attende til Chile, men Departementet ser likevel ikkje dette som nokon grunn til å gje asyl til søkeren. Vi skjemmest over å høyre til eit samfunn som stiller seg slik til menneske som er i naud, står det mellom anna. Brevet er underskrevet av res.kap. Harald Sundsbø, organist Siri Brunvoll, kirketjener Sølvi Sæle, kontordame Aud Else Vesetvik, soknerådsformann Nils Kåre Olsen og Arve Brunvoll, som er førstelektor på Norsk Lærerakademi.

I Ytre Arna bor nå omkring 35 chilenske asylsøkere som venter på å få sin sak behandlet.

## NYTT FRÅ KYRKJELYDANE



### Døypte

#### Arna sokn:

- 04.12: Christoffer Boge. Døpt i Vaksdal kyrkje.  
11.12: Kristine Bøe, Lene Bjånes Indrevær, Ole Johnny Ulveraker Reknes.  
11.12: Terje Svendheim. Døpt i Takvam kapell.  
25.12: Gerdt André Lillefosse Widding.



### Vigde

#### Arna sokn:

- 10.12: Knut Kjeilen og Britt-Elin Rasmussen.

#### Arna sokn:

- 09.12: Kari Hordvik f. 1906.  
10.12: Sigvard Karl Sivertsen f. 1922.  
11.12: Edith Watzien Tande f. 1910.  
12.12: Johan Skulstad f. 1902.  
13.12: Ingvald Sellevold f. 1926. Begravet i Baldersheim.

#### Ytre Arna sokn:

- 04.12: Konrad Martin Halland, f. 1908.  
23.12: Ivar Mjelde, f. 1912.

## BLADPENGAR

Innlagt i dette nummeret av Kyrkjelydsbladet finn du ein postgiroblankett til bruk for betaling av kontingent for bladet for 1989. Bladpengane er på kroner 30 for eit heilt år. Desse bladpengane er den viktigaste inntektskjelda for bladet. Om du ønskjer det kan du også gje ei ekstra gåve til bladet på den same postgiroblanketten.

## Ofringane i kyrkjelydane

#### Arna sokn:

- 20.11 Kyrkjelydsarbeidet.....kr. 1736,-  
27.11 Kyrkjelyds huset .....kr. 4877,-  
27.11 (Lysmesse) Norges Kristelige Ungdomsforbund .....kr. 1776,-  
04.12 Foreningen for Bibel- og bekjennelse .....kr. 1271,-  
11.12 Kristeleg Kringkastingslag.kr. 1693,-  
18.12 Santalmisjonen/Strømmes Minne-stiftelse.....kr. 5929,-  
24.12 kl. 15.30 Diakonutvalet ....kr. 3009,-  
24.12 kl. 15.30 Kirkens Nødhjelp kr. 7961,-  
24.12 kl. 16.30 Kirkens Nødhjelp kr. 5913,-  
25.12 Det Norske misjonsselskap kr. 6125,-  
26.12 Kyrkjelyds huset .....kr. 1540,-  
31.12 Ungdomsarbeidet .....kr. 1543,-

#### Ytre Arna sokn:

- 27.11: Institutt for kristen oppseding .....kr. 1560,-  
04.12: Kyrkjelydsarbeidet.....kr. 541,-  
04.12: Korarbeid i kyrkja.....kr. 3193,-  
11.12: Norges kristelige student- og skoleungd.lag .....kr. 873,-  
24.12: Kirkens Nødhjelp.....kr. 7357,-  
25.12: Det Norske misjons-selskap .....kr. 2527,-

#### Anonym gåve.

Ytre Arna sokneråd takkar for ei anonym gåve på kr. 1000 til kyrkjelydsarbeidet.

## Presten har ordet

Øyvind Øy



## Jehovas vitner

Mange får besøk av Jehovas vitner som vil presentere si lære, og dei har naturlegvis full fridom til å marknedsføre det dei står for. Men det er viktig at dei ikkje får nokon til å tru at læra deira har noko med kristendom å gjere.

Sett frå ein kristen synsstad er læra til Jehovas vitner vranglære. Dei brukar Bibelen og nyttar bibelsitat for å bevise sine påstandar. Men bibelbruken deira er tilfeldig og historisk, og bibelorda er ofte tekne ut av sin samanheng. Stundom legg dei seg nær opp til kristen språkbruk, men innhaldet i orda har feil mening. Det gjeld t.d. når dei talar om Jesu død på korset. Dei avviser læra om den treeinige Gud, Fader, Son og Heilage Ande. Kristus er skapning, han er ikkje Guds Son frå æva. Dette er sentrale punkt som gjer at ein trygt kan avseie læra deira. Det er ikkje nok å vise til at dei brukar Bibelen, for dei brukar han feil.

Mange finn det vanskeleg å diskutere med dei for dei er drilla i diskusjonsteknikk, men eg har nemt nokre punkt som det er nyttig å kjenne til. Møte med Jehovas vitne er og ei utfordring til å sette oss inn i det som er vår tru og vår forståing av Bibelen.

Eg skriv ikkje dette for å seie noko nedsettande om dei som høyre til Jehovas vitner, men det er viktig å vite at det dei lærer, ikkje har noko med kristendom å gjere.

## Kyrkjeskys frå Haukeland/Espeland

22. jan.: Magne Mestad .....Tlf. 24 00 14  
29. jan.: Berit Haugsvær .....Tlf. 24 08 15  
05. feb.: Sverre Myklebust ....Tlf. 24 29 05  
12. feb.: Ingrid Hope.....24 08 08  
19. feb.: Harald Røsland.....Tlf. 24 08 70  
26. feb.: Magne Mestad  
05. mars: Berit Haugsvær  
12. mars: Sverre Myklebust  
19. mars: Ingrid Hope  
26. mars: Harald Røsland  
02. apr.: Magne Mestad

## Kyrkjeskys for Indre Arna

Er det eldre folk i Indre Arna som har lyst til kyrkje, kan dei no ta kontakt med ein av fylgjande personar for å få skys: Jan Marius Olsen .....Tlf. 24 03 08  
Gunnar Kaaresen .....Tlf. 24 02 41  
Kjartan Hollekkeve.....Tlf. 24 23 45

## Soknemøte

Arna sokneråd innkallar til soknemøte etter gudstenesta søndag 19. februar i Kyrkjestova. Der vil årsmeldinga og rekneskap for soknerådet verta lagt fram.

## Folk er på leiting

Store delar av folket vårt er på leiting. Materiell velstand kan ikkje lenger tilfredsstilla, seier Johannes Blom til «Sambåndet». Blom er forkynnar i Det Vestlandske Indremisjonsforbund, og har saman med songevangelistane Randi Marie Myhre og Arnhild Dale tala og sunge under vekkinga som i fleire veker har funne stad i Fjell kyrkje i Hordaland.

Blom meiner det går ein vekkingvind over landet. – Folk er urolege. Særleg er dei ikkje-kristne vare for det som skjer. Men mange av Guds folk er i åndeleg halvsvevne og har ikkje naud for dei ufrelste. Somme gongar kan det vera vanskeleg å få folk til å stilla opp og ta ansvar i ein slik møteaksjon, seier Johannes Blom.

## MØTER:

### Arna bedehus:

- 19.1. Eldretreff kl. 17.00.  
22.1. Søndagsmøte kl. 19.00. Tale: Morten Pedersen.  
29.1. Søndagsmøte kl. 19.00.  
09.2. Bibeltime kl. 19.30.  
16.2. Eldretreff kl. 17.00.  
23.2. Bibeltime kl. 19.30.

### Ytre Arna bedehus:

- 24-29.1: Møteveke v/Indremisjonen.  
Talar Johan Ulveseter.  
05.2: Møte  
08-09.2: Møter v/Den indre sjømanns-  
misjon. Talar Hans Haugetun.  
12.2: Møte  
23.2: Møte v/Kristenrussen  
05.3: Nattverdmøte  
11.3: Årsmøte v/Indremisjonen

### Betania, Lone:

- 26.1: Årsmøte v/Indremisjonen  
28.1: Ungdomskveld  
29.1: Møte v/Misjonssambandet  
02.02: Årsmøte v/Misjonssambandet  
07-19.2: Møteaksjon  
07-12.3: Misjonsveke v/Misjonsselskapet

## ÅRSFEST


Søndag 5. mars kl. 17.00 innbyr soknerådet alle i Ytre Arna til årsfest i Kyrkjelydshuset. Der legg soknerådet fram årsmelding og rekneskap, og kyrkjeringen har trekning i utlodninga til inntekt for Kyrkjelydshuset. Det vert bevertning og andre programinnslag.

## BLOMSTER

til enhver anledning!  
Ring vår blomstertlf.

24 25 95

 a.s. Sarepta  
5260 Indre Arna



Arna  
Kyrkjelydsskule

## Samtalerkveldar våren 1989

Kyrkjelydsskulen heldt fram med samtalerkveldane. Dei 3 første samlingane vert i Kyrkjelydshuset i Ytre Arna og dei 2 siste i Kyrkjestova i Indre Arna.

### Program:

- Onsdag 25. januar:  
Innleiing ved sokneprest Øyvind Øy.  
Vi avsluttar samtaleheftet: «De trodde de kjente ham...»  
Torsdag 9. februar:  
Innleiing ved kateket Erik Rodal.  
Tema: Den første trusartikkel.  
Torsdag 2. mars:  
Innleiing ved res.kap. Harald Sundsbø.  
Tema: Den andre trusartikkel.  
Torsdag 16. mars:  
Innleiing ved journalist Audun Stølås.  
Straume.  
Tema: Den tredje trusartikkel.  
Torsdag 30. mars:  
Innleiing ved krinssekr. Ingvard Hageberg.  
Tema: Dåpen.

Alle samlingane tek til kl. 19.30. Ta med matpakke. Sjølv om samlingane stundom vert i Ytre Arna og stundom i Indre Arna vonar vi at deltakarane kan vera begge stader.


## I MIN FORRETNING

finn De gaver til bryllup, konfirmasjon og barnedåp.



5260 Indre Arna — Tlf. 24 04 96

# Skulegudsteneste for heile Trengereid



På Trengereid er det med åra blitt tradisjon at vi kvart skuleår saman med prestane i Arna, lagar til skulegudsteneste der alle i bygda vert inviterte.

Elevane og lærarane har ansvaret for song, musikk og rollespel, medan presten tek seg av altartenesta og preika. Foreldre, besteforeldre, sysken, naboar og andre er med og gjev si gåve i form av eit offer til ulike hjelpe- og støtteoppgåver kyrkjelyden og skulen er med på.

Gudshuset har rom for alle og tenesta er for alle – lek og lærd, små og store, unge og gamle.

Dei siste åra har elevane etter gudstenesta invitert til Kyrkjekafé på skulen. Erfa-

ringane tyder på at heile kyrkjelyden set pris på tiltaket. Samstundes får vi streka under at vi ikkje berre syner omsorg for medmenneske i ord og tonar i kyrkje og bedehus, men med hus og varme; mat og ein godprat med kjende og ukjende.

I år går Kyrkja og skulen saman og bed inn til skulegudsteneste i Trengereid Bedehuskapell den 29.1.89 kl. 11.00.

Etter gudstenesta vert det Kyrkjekafé i storstova på skulen for alle.

Helsing  
Elevane og lærarane  
på Trengereid

# Biskop Lønning på Kyrkjelydsveka

Arna sokneråd arrangerer kyrkjelydsveke også dette året. Vi har denne veka kvart år slik at avslutningsdagen vert Maria bodskapsdag, som i år er 12. mars. Som det har vore vanleg dei siste åra, får veka variert opplegg med gudstenester, møter, konsertar og samvær for eldre.

Dei første arrangementa vert søndag den 5. mars. Tirsdag får vi vitjing av biskop Lønning som vil tale over emnet: «Kyrkje – ei kyrkje for alle?!» – Vi nemner også torsdagskvelden då forskingssjef Rolf Eckhoff i ord og bilde vil fortelje om «Linkledet i Torino».

Fredagskvelden vert det intimkonsert i Takvam kapell og lørdag vert heile familien invitert til kyrkjelydsdag i Arna bedehus.

Fullstendig program kjem i neste nr. av Kyrkjelydsbladet.

## Eldretreff på Flatane

Eldretreffa i trygdebustaden på Flatane i Ytre Arna tek til att fredag 20. januar kl. 17.00. Då vert det samlingar vidare kvar 14. dag. Alle eldre er velkomne til å vera med.

## GEVINSTAR

Kyrkjeringen i Ytre Arna arbeider for å dekkja utgiftene til Kyrkjelyds huset. I mars vil dei ha utlodning til dette i samband med årsfesten for kyrkjelyden. Til dette treng dei gevinstar. Om nokon har noko å gje, kan dei ta kontakt med eller levera det til Kyrkjekontoret tlf.: 24 85 46 eller til nokon av medlemmane i kyrkjeringen.

### KYRKJELYDSBLAD FOR ARNA

Utgjevar: Sokneråda i Arna, boks 11, 5260 Indre Arna.

Redaksjonsnemnd: Audun Stølås, Sylvi Sæle, Ragnhild Rein, Hilde Rohde, Harald Sundsbø, Laila Ueland.

Forretningsfører: Bjørg Hellesøy.

Bladpengar: Kr. 30,-. Adr.: Kyrkjelydsblad for Arna, 5260 Indre Arna.

Postgiro nr. 3 10 44 45 eller bankgiro 8440.21.01856

Trykt av Grafisk Forum A/S, Ytre Arna.



## ESPELAND BEGRAVELSESBYRÅ

Kåre Bj. Hope

Står til teneste med alt ved dødsfall.

Kransebinderi, sløyfetrykkeri.

Annonser, sanger, båretransport.

TLF. 24 08 08

### Solstrands Blomsterforretning

Hollendergt. 4, tlf. 32 55 50

### Solstrand Begravelsesbyrå

Herm. Fossgt. 11, tlf. 32 55 50

Alltid til tjeneste

## FOKUS Bank

Banken i Arna – for Arnafolk, der alle kundar, store og små, er hjarteleg velkomne.

FOKUS BANK  
avd. Arna

## Spesialforretning i blomster

Dekorasjonsbinderi, buketter og kranser.

Pynting av kirke,

konsert- og forsamlingslokaler.

### Espelands Gartneri

5230 ESPELAND, TLF. (05) 24 08 09  
ARTHUR HOPE

## KOKS OG VED

UNDERSØK PRIS  
OG SERVICE HOS

### Kvernevik Brensel A/S

Tlf. 18 19 35

Banken i Arna frå 1866

## SPAREBANKEN



AVDELING ARNA

– til bygdefolket sitt beste

Skal det vera TV – Elektrisk – Belysning.

Hugs at vi har lavaste pris,  
og det De kjøper her  
kan De få reparert her.

### ARNA ELKJØP A/S

Arnatveit – telefon 24 19 70

Vi er tilsluttet landets største  
kjede av elektriske forretninger  
EL-KJØP

## DU KAN LEIE HENGERE HOS OSS!

Vi har hengere for

Bil – Båt og  
varetransport



### ARNATVEIT AUTO SENTER

TLF. 24 07 40

Utlevering også fra Blomsterdalen  
ved J.B. Myklestad.



# Velkommen til kyrkje

- Jan. 22.: Sámannssøndag. Luk. 8 4-15.**  
Arna kl. 11.00: FAMILIEGUDSTENESTE v/sokneprest Øy. Utdeling av «Min kyrkjebok». Takkoffer til Bibelmisjonen.  
Arna kl. 19.00: Fellesmøte.  
Ytre Arna kl. 11.00: Res. kap. Sundsbø. FAMILIEGUDSTENESTE. Ytre Arna barne- og ungdomskor. Takkoffer til Bibelmisjonen.  
Ytre Arna kl. 19.00: Fellesmøte.
- Jan. 29.: Kristi forklåringsdag. Matt. 17. 1-9.**  
Arna kl. 11.00: Redaktør Finn Jarle Sæle. Nattverd. Takkoffer til Kyrkjelydshuset. Søndagsskole.  
Tregereid kl. 11.00: Sokneprest Øy. FAMILIEGUDSTENESTE. Skuleborn tar del. Takkoffer til Skolens ulandsaksjon. Kyrkjekaffi.
- Febr. 05.: Fastelavnssøndag. Luk. 18. 31-33.**  
Arna kl. 11.00: Res. kap. Sundsbø. Nattverd. Takkoffer til Den norske israelsmisjon. Søndagsskole.  
Ytre Arna kl. 11.00: Sokneprest Øy. Nattverd. Takkoffer til Blå Kors.
- Febr. 08.: Oskeonsdag. Matt. 6. 16-18.**  
Arna kl. 20.00: FASTEGUDSTENESTE.
- Febr. 12.: 1. Søndag i faste: Hebr. 4 11-16.**  
Arna kl. 11.00: FAMILIEGUDSTJENESTE. Sokneprest Øy. Takkoffer til Ungdomens misjonsaksjon.  
Ytre Arna kl. 11.00: Res. kap. Sundsbø. Nattverd. Takkoffer til Kristent innvandrerearbeid.
- Febr. 19.: 2. Søndag i faste: Matt. 15 21-28.**  
Arna kl. 11.00: Sokneprest Øy. Soknemøte. Takkoffer til Kyrkjelydsarbeidet. Kyrkjekaffi.  
Ytre Arna kl. 11.00: Stiftskap. Ivar Molde. Takkoffer til Bjørgvin bispedømeråd.
- Febr. 26.: 3. Søndag i faste: Luk. 11 14-28.**  
Arna kl. 11.00: Forstandar Audun Tang. Nattverd. Takkoffer til Dei fire diakoninstitusjonane.  
Tregereid kl. 11.00: Res.kap. Sundsbø. Nattverd. Takkoffer til Menighetsfakultetet.
- Mars 05.: 4. Søndag i faste: Joh. 6 1-15.**  
Arna kl. 11.00: Res. kap. Sundsbø. Nattverd. Takkoffer til Menighetsfakultetet. Søndagsskole.  
Ytre Arna kl. 11.00: FAMILIEGUDSTENESTE. Sokneprest Øy. Takkoffer til Institutt for kristen oppseding.



## Dåpssøndagar

Det vert høve til dåp i kyrkjene desse søndagane:

Arna: 5.2, 19.2, 12.3, 19.3, 26.3.  
Ytre Arna: 19.2, 5.3, 12.3, 26.3.  
(I Ytre Arna kan ein og ha dåp dei søndagane det er nattverd: 5.2 og 12.2.)

## Kyrkjelydsblad for blinde

Kvar utgåve av Kyrkjelydsbladet vert tala inn på lydband slik at dei som er blinde skal få høve til å gjera seg kjent med det som står i bladet. Dersom du kjenner nokon som har behov for eit slikt lydband kan du skriva til Kyrkjelydsbladet. Denne tenesta er gratis. Dei som er med på ordninga får fritt tilsendt eit lydband, som vert returnert etter bruk.

Frist for innlevering av stoff til nr. 2: 6. februar